



**Bestilling 2023**  
**til**  
**Betanien sykehus AS**

Vedlegg til rammeavtale med verknad frå  
01.01.2005 mellom Helse Vest RHF og  
Betanien sykehus AS

# 1. Innleiing

## 1.1 Innhald

Bestillinga gir ei nærmare beskriving av innhald og omfang av dei ytingar Betanien Sykehus AS (heretter Betanien) skal levere. Bestillinga inneheld blant anna:

- Overordna prioriteringar som Helse Vest fastsett for å oppfylle sine nasjonale forpliktingar mv.
- Behandlingstilbod
- Prioriterte pasientgrupper
- Årleg økonomisk ramme og eventuell annan prisfastsetting
- Volum/kapasitet på tenestene
- Rapportering
- Kvalitetsmål

Betanien må gjere seg kjende med dei overordna føringane og styringsbodskapet i oppdragsdokument til Helse Vest RHF for 2023 og krav i føretaksprotokollar i 2023. Resultatindikatorar knytt til dei ulike fokusområda er vedlagt bestillinga. Betanien må rapportere på dei indikatorane som er relevante for verksemda, da desse saman med mal til årleg melding, vil danne grunnlaget for verksemda si rapportering til Helse Vest RHF.

## 1.2 Overordna føringar

Regjeringas hovudmål er å vidareutvikle og styrke vår felles helseteneste og motvirke sosiale og økonomiske helseforskjeller. Regjeringas overordna mål er:

- God helse og meistring i befolkninga, uavhengig av sosial bakgrunn
- Gode pasientforløp og rask tilgang til tenester i heile landet
- Helse- og omsorgstenesta er ein attraktivt arbeidsstad i eit livslangt karriereløp
- Berekraftig og rettferdig ressursbruk
- Helse- og omsorgssektoren er forberedt i møte med kriser og katastrofer

De private ideelle aktørane skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgande hovudmål:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleiken.
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Pandemien har sidan starten av 2020 påverka drifta av verksemdene på ulike måtar. Arbeidspresset har vore høgt, sjukefråværet har tidvis vore svært høgt og ventetidene har auka som følgje av smittevernreglar og prioritering av pasientar med covid-19. Kostnadene har auka mellom anna som følgje av høgare beredskapsnivå og behovet for å sikre tilstrekkeleg bemanning. Samtidig har elektiv behandling gått ned. Det tar tid å komme tilbake til driftsforhold tilsvarande perioden før pandemien. Pandemien gjorde det tydeleg at det er nødvendig med ein styrkt beredskap for å kunne handtere kriser og hendingar der vi får rask auke i talet på alvorleg sjuke som varar ved over tid. Dette arbeidet må vidareførast i 2023.

Alle aktørane i Helse Vest er i en krevjande økonomisk situasjon, som i første rekke

skyldast uventa høy kostnadsvekst gjennom fjoråret. Situasjonen tilseier dermed at tal krav som blir stilt blir noko avgrensa.

### 1.3 Topp 5 risiko

Helse Vest RHF har saman med aktørane i regionen dei siste åra jobba mykje med risikostyring og prosjekta innanfor topp 5 risiko. Arbeidet med desse særskilde risikoområda held fram i 2023:

- legemiddelområdet
- vald og truslar mot medarbeidarar
- uønskt variasjon – radiologi og ortopedi
- IKT- og informasjonssikkerheit
- ekstern turnover av medarbeidarar

Betanien kan bli bedt om å bidra i arbeidet med (nokre av) desse særskilde risikoområda.

## 2. Bestilling

Betanien består av eining for somatisk helse og eining for psykisk helse. Avtalen med Helse Vest er knytt til levering av distriktskykiatriske tenester, polikliniske tenester innan barne- og ungdomspsykiatri, tenester innan dagkirurgi, radiologi og laboratorium.

Eining for psykisk helse, Betanien distrikt psykiatriske senter, består av poliklinikkar, sengepostar og barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk. Betanien sjukehus har ansvaret for allmennpsykiatriske tenester for vaksne for bydelane Laksevåg og Fyllingsdalen - tilsvarande eit distriktskykiatrisk senter. Den barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikken har same opptaksområde. Eining for somatikk består av dagkirurgisk avdeling, radiologisk avdeling og laboratorium.

I 2023 bestiller Helse Vest RHF følgjande stykkprisfinansierte oppgåver, polikliniske konsultasjonar og laboratorie- og røntgenundersøkinga av Betanien sjukehus:

<b>Somatikk</b>		
	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Innsatsstyrt finansiering – bestilling av DRG-poeng	861	874
Laboratorieprøver	125 000	125 000
Røntgenundersøkingar	17 000	17 000
<b>Psykisk helsevern</b>		
	<b>2022</b>	<b>2023</b>

Tal på konsultasjonar - BUP	8200	8200
Tal på konsultasjonar – allmennpsykiatrisk poliklinikk	17 000	17 000
Tal på plasser - Heildøgnsavdeling	26	26
Tal på opphaldsdøgn	8500	8500
Avdelingsopphald Dag	8500	8500

Betanien skal medverka og/eller delta i oppfølging av dei oppdraga som er stilt til Helse Vest RHF i oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøta, der dette har naturleg samanheng med dei tenestene som Betanien leverer. Nedanfor har Helse Vest framheva dei overordna måla og fokusområde som går fram av sentrale oppdragsdokument for 2023. Helse Vest vil elles kome tilbake med nærmare informasjon om krav til medverknad/oppfølging av konkrete prosjekter i eige brev dersom det er behov for dette.

Dersom bestillinga viser seg å være meir omfattande enn det behovet tilseier, har ikkje Betanien rett til å initiere annan type behandling eller annan type verksemd til erstatning for bestillinga med mindre det er avtalt med Helse Vest.

### **3. Betaling**

#### **3.1 Innsatsstyrt betaling og basistilskot**

Betalingsmodell for tenestene er ein kombinasjon av innsatsstyrt- og basisbetaling. Betalinga som omtalt nedanfor viser den fulle og heile betaling frå Helse Vest til Betanien.

For polikliniske tenester innan psykisk helsevern mottar Betanien en innsatsstyrt betaling basert på reell aktivitet gjennom året, målt etter DRG systemet. Einingsprisen per DRG for poliklinisk psykisk helsevern utgjer kr 3480,- for 2023. Basert på bestillinga er det for Betanien forventa aktivitet tilsvarande 5478 DRG poeng. Basert på dette er det berekna ei overslagsløyving på kr 19 065 000 for den innsatsstyrte betalinga.

40 % av einingsprisen per DRG poeng utgjer for somatiske fagområde kr 19792,- for 2023. Basert på bestillinga er det for Betanien forventa aktivitet tilsvarande 874 DRG poeng. Basert på dette er det berekna ei overslagsløyving på kr 17 298 000 for den innsatsstyrte betalinga.

## Basisbetaling

Sum basisbetaling 2022	kr 207 699 000
Prisjustert 2023	kr 215 591 000
Kapital 2023	kr 988 000
Omlegging ISF frå 50 til 40 %	kr 4 324 000
Styrking 2023	kr 1 500 000
Sum basisbetaling 2023	kr 222 404 000

Basisbetalinga utgjer basisbetaling 2022 justert med 3,8 %. Helse Vest ønskjer å styrke tilbodet ved Betanien BUP med 1,5 mill kroner ekstra som følgje av fleire tilvisingar og tyngre problemstillingar.

Betanien skal varsle Helse Vest straks det er grunn til å tro at aktiviteten på årsbasis vil bli vesentleg lågare enn bestillinga. Avrekning for høgare/lågare DRG-produksjon skjer i samband med endeleg ISF avrekning i det påfølgjande år basert på ISF avrekninga frå HOD.

### 3.2 Betalingsfrist

Basisbetalinga og den innsatsstyrte delen av betalinga blir utbetalt á konto, forskotsvis med 1/12 av total ramme, 8. dag i kvar månad.

### 3.3 Andre forhold

Helse Vest vil handtere pensjonen til dei private ideelle i tråd med dei føringar og prinsipp som blir gitt frå staten. Ved handteringa av pensjonen i 2014 oppstod det eit positivt resultat som i sin heilskap skal gå til styrking av eigenkapitalen og må sjåast op mot seinare års forventa auke i pensjonskostnader.

Helse Vest vil følgje med på utviklinga i status fordel pensjon frå 2014. Når denne fordelten er brukt opp, vil Helse Vest handtere endring i pensjon på same måte som staten legg opp til. Vi viser i denne samanheng til brev frå Helse Vest datert 06.12.2022 om "Pensjonskostnad 2022 – private ideelle".

Dersom det oppstår ein problemstilling knytt til likviditet som følgje av forskjell mellom pensjonspremie og pensjonskostnad, kan institusjonen søkje Helse Vest om eit likviditetslån.

Når Betanien blir bede om å delta i regionale prosjekt skal verksemda etter avtale stille nødvendige ressursar til disposisjon for å gjennomføre prosjekta. Betanien skal som hovudregel dekke utgifter til egne ressursar inkludert reise i samband med prosjektarbeidet.

I den grad Helse Vest i 2023 kompenserer egne helseføretak for ekstraordinære lønns- og pensjonsutgifter vil også Betanien få tilsvarende kompensasjon. Det er ein føresetnad at Helse- og omsorgsdepartementet har satt slik likebehandling som vilkår.

I den utstrekning helseføretak eigd av Helse Vest i løpet av 2023 mottar ekstra tildelingar, for eksempel i forhold til spesielle satsingsområde samt til utstyr osv., har

Betanien rett til likebehandling med desse. Det er ein føresetnad at Helse- og omsorgsdepartementet har satt slik likebehandling som vilkår.

Helse Vest føreset at eit eventuelt årleg driftsoverskot blir nytta til dekning av tidlegare års underskot, og gjennom dette styrking av eigenkapitalen. Utover dette føreset Helse Vest at eit eventuelt driftsoverskot blir nytta til å styrke grunnlaget for dei tenestene avtalen med Helse Vest RHF omfattar. Eksempel på dette er investering i bygg og anlegg, IKT, utstyr og forbetra drift.

## **4. Hovudmål 2023**

### **4.1 Hovudmål 1: Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling**

Betanien skal bidra til at menneskjer med psykiske lidingar får gode og likeverdige tenester. Målet er å forbetre kvaliteten i behandlinga og bidra til at pasientane kommer raskare til riktig behandling.

Innan psykisk helsevern trengs en særleg innsats for å styrke tilbodet til menneskjer med alvorlege og samansette lidingar. For å styrke tilbodet til de med alvorlege og samansette lidingar må det leggest til rette for å forebygge kriser, akuttinnleggingar og fremme frivillige behandlingalternativ når det er mogleg og fagleg forsvarleg. Tverrfaglege oppsøkande team som ACT og FACT-team bør bli etablert der det er befolkningsgrunnlag for det.

Alle tilviste pasientar innan psykisk helsevern skal bli rettighetsvurdert og tildelt pasientrettar av helseføretak eller privat ideell verksemd med driftsavtale med Helse Vest RHF. Betanien skal seinast våren 2023 ha etablert og i funksjon ordninga «ein veg inn

Ordninga med å tilby vurderingssamtale til alle som blir tilvist til psykisk helsevern barn og unge blir vidareført i 2023.

### **4.2 Hovudmål 2: Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik**

Det skal arbeidast for å redusere og forebygge omfanget av pasientskader i tråd med *Nasjonal handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring* og WHO's globale handlingsplan. I *Nasjonal handlingsplan for kliniske studier* er det uttrykt at klinisk forskning skal være en integrert del av all klinisk praksis og pasientbehandling. Oversikt over aktive kliniske studiar på helsenorge.no skal være oppdatert og gi god informasjon til helsepersonell og pasientar.

### **4.3 Hovudmål 3: Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp**

System for Nye metodar skal kontinuerleg utviklast for å bidra til rask innføring av trygge og kostnadseffektive behandlingmetodar og til at metodar utan tilstrekkeleg effekt kan fases ut. Regjeringa avviklar godkjenningsordninga i fritt behandlingsval frå 2023, med en overgangsordning som varer ut 2023.

Nye arbeids- og samarbeidsformer, som digital heimeoppfølging, skal tas i bruk for å gi et meir tilpassa tenestetilbod og betre ressursutnytting. Det skal arbeidast med strukturer for å understøtte gode og samanhengande pasientforløp. Videre skal det

samarbeidast med kommunar om å utvikle intermediaære tilbod og tilbod ved helsehus, slik at fleire behandlingstilbod kan bli tilbydt ute i kommunane, nær der folk bor.

Målsetjinga på sikt er gjennomsnittleg ventetid lågare enn 50 dagar for somatisk helsevern, 40 dagar for psykisk helsevern vaksne, 35 dagar for psykisk helsevern barn og unge. Det er og ei målsetjing å sende minst 70 % av epikrisane innan ein dag etter utskriving.

## **5. Annet frå styringsdokumentet**

### **5.1. Samfunnsansvar og statens forventningar i eigarskapsmeldinga**

Regjeringa sine forventningar til statlege selskap går fram av Meld. St. 6 (2022-2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap — Statens direkte eierskap i selskaper (eierskapsmeldingen)*. Omsynet til berekraft i statens mål som eigar er tydeleggjort og forsterka.

Selskapa staten eig skal opptre ansvarleg, og skal være leiande i sitt arbeide for å ivareta menneskerettigheter, arbeidstakarrettigheter, redusere sitt klima- og miljøfotavtrykk og forebygge økonomisk kriminalitet som blant anna korrupsjon og kvitvasking av pengar. Med ansvarleg verksemd meiner ein kva ansvar selskap forventast å ta for mennesker, samfunn og miljø som påverkast av verksemda.

Spesialisthelsetenesta har utarbeida eit rammeverk for samfunnsansvar for å klargjere kva forpliktingar som gjelder for området og kordan spesialisthelsetenesta arbeider med samfunnsansvaret. I denne samheng omfattar samfunnsansvar oppfølging av statens forventningar til ansvarleg verksemd. Rammeverket for samfunnsansvar erstattar rammeverk for klima- og miljø. Rammeverket innehelder en mal for utgreiingar på alle relevante samfunnsansvarsområder.

Betanien skal følge opp aktivitetar/krav på område samfunnsansvar i tråd med nytt rammeverk for samfunnsansvar med vedlegg, på lik linje med Helse Vest sine helseføretak.

## **6. Digital sikkerheit og personvern**

Det blir vist til Riksrevisjonen sin revisjon av helseføretaka si førebygging av angrep mot sine IKT-system, jf. Dokument 3:2 (2020–2021). Riksrevisjonen si undersøking tydeleggjer behovet for å styrke arbeidet med digital sikkerheit i helse- og omsorgssektoren. Det er viktig at innbyggjarane skal ha tillit til at opplysningar om helse deira er tilgjengeleg ved behov og blir behandla på ein trygg måte. Godt personvern, gode samhandlingsløysingar og god informasjonssikkerheit er føresetnader for å vareta dette. Tidlegare har det blitt gitt krav om informasjonssikkerheit, og til krav om å arbeide systematisk med innføring av Nasjonal sikkerhetsmyndigheit (NSM) sine grunnprinsipp for IKT-sikkerheit. Ein viser til rapport frå NSM om «Nasjonalt digitalt risikobilde 2022» og dei regionale helseføretaka sin felles «Trusselvurdering 2022».

Dei regionale helseføretaka er bedne om å leggje rapportane til grunn i det vidare arbeidet med digital sikkerheit og personvern. Krigen i Ukraina skapar utfordringar knytt til dataangrep og informasjonssikkerheita generelt, inkludert i spesialisthelsetenesta. Krigen har ført til behov for auka bevisstheit rundt kritisk

infrastruktur og digital sikkerheit. Det er tidlegare gitt krav om å «utarbeide ein årleg rapport i samarbeid med Norsk helsenett SF om truslar, trendar, sårbarheiter og relevante tiltak som spesialisthelsetenesta kan nytte i sitt arbeid med vurderingar av risiko og sårbarheiter innan 1. juni kvart år. Erfaringar frå penetrasjonstesting og portskanningstestar vil vere relevante.» Kravet blir nå endra noko, slik at det blir eit meir eigna styrings- og avgjerdsstøtteverktøy. Dei regionale helseføretaka er bedne om, og dermed ber Helse Vest RHF dei private ideelle om å:

- bidra i oppdatering av dei regionale handlingsplanane for det systematiske arbeidet med å styrke informasjonssikkerheita og med å lukke dei sårbarheitene som Riksrevisjonen si undersøking avdekkar. Helse Vest RHF skal, på vegner av helseføretaksgruppa, oppdatere den regionale handlingsplanen innan 1. mai kvart år og rapportere frå forbetningsarbeidet.
- gjennomgå eige beredskapsplanverk og vurdere behovet for å sette i verk ytterlegare førebyggjande tiltak og tiltak for å handtere og rette opp att funksjon etter tilsikta eller utilsikta hendingar mot eigen infrastruktur, IKT-system og viktige verdiar.
- utarbeide ein årleg rapport i samarbeid med Norsk helsenett SF om truslar og trendar som spesialisthelsetenesta kan nytte i sitt arbeid med risiko- og sårbarheitsvurdering innan 1. juni kvart år. Erfaringar frå hendingar, penetrasjonstesting og portskanningstestar vil vere relevante.

## **7. Oppfølging og rapportering**

Det er eit mål å ha gode og gjennomgåande system for å kunne følgje opp utviklinga i tenestene, og det er etablert eit system for rapportering for å sikre dette. Betanien må sikre god datakvalitet i rapporteringa til regionale og nasjonale register slik at automatisk datainnsamling i størst mogleg grad kan leggjast til grunn i rapporteringa til Helse Vest RHF. Dette vil bidra til at rapporteringsbyrda for verksemdene blir så låg som mogeleg.

Betanien skal rapportere data til medisinske kvalitetsregistre etter same rutinar som resten av spesialisthelsetenesta. Betanien har ansvar for å melde frå til eigar om vesentlege avvik i forhold til planlagd målsetjing.

### **7.1 Månadleg rapportering**

Etablert praksis for månadleg rapportering frå verksemda blir vidareført i 2023, kor Betanien skal rapportere månadleg på økonomisk resultat. Vi legg til grunn automatisk datainnsamling som grunnlag for rapportering på mellom anna aktivitet, ventetid og fristbrot. Dette forutset god kvalitet i rapporteringa til regionale og nasjonale register.

### **7.2 Rapportering på kvalitetsindikatorar**

Det skal rapporterast om nasjonale kvalitetsindikatorar, relevante for Betanien, fastsett av Helsedirektoratet og NPR, sjå vedlegg 1 «Indikatorar 2023. Datakjelder»

### **7.3 Rapport om bruk av midlar og aktivitet**

Ein understrekar at søknadar og rapportar om bruk av øyremerkte midlar som



hovudregel skal utarbeidast av Helse Vest RHF, men at verksemda må medverke aktivt i arbeidet med søknadar og rapportering.

Kostnader til forskning skal det rapporterast om til Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU).

#### **7.4 Årleg melding**

Betanien skal sende ei årleg melding til Helse Vest RHF innan 15. januar 2024. Meldinga er med på å danne underlag for Helse Vest RHF si melding til departementet. Strukturen i bestillinga er vesentleg endra og forkorta for 2023 samanlikna med tidlegare år.

Innhaldet og strukturen i årleg melding for 2023 skal gjenspegle den nye utforminga av bestillinga. Det skal rapporterast på relevante kvalitetsindikatorar, og det vil i løpet av hausten 2023 bli sendt ut ein mal for årleg melding.

#### **7.5 Innspel til bestillinga 2024**

Helse Vest ber om at spesielle ønsker eller innspel til bestillinga for 2024, særleg der desse inneber eit behov for økonomisk styrking, skriftleg sendast til Helse Vest innan 30. september 2023. Eventuelle ønsker om endring eller styrking i 2024 må på førehand være diskutert med det lokale helseføretaket og det skal framkomme av den skriftlege førespurnaden til Helse Vest korleis det lokale helseføretaket stillar seg til den etterspurde endringa.

## **Signering**

Denne avtalen skal signerast digitalt av:

Helse Vest RHF v/fungerande administrerande direktør Ivar Eriksen

\*

Betanien sykehus AS v/direktør Eli Julseth Birkhaug

Gyldig signert kontrakt skal ha ei forside med informasjon om signaturen samt digital signatur på kvar side.

## **Vedlegg**

Vedlegg 1: Indikatorar 2023 Datakjelder

Vedlegg 2: Nye dokument som skal leggjast til grunn

Vedlegg 1: Indikatorar 2023 Datakjelder

**Tabell 1. Mål 2023. Datakjelder og publiseringsfrekvens**

Indikator	Mål 2023	Datakjelde	Publiseringsfrekvens
<b>1 Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling</b>			
Talet på pasientar (per 100 000 innbyggjarar) med vedtak om tvangsmiddel i psykisk helsevern. Statistikken måler pasientar per 100 000 innbyggjarar 16 år og eldre.	Skal reduserast	Helsedirektoratet	Årleg
<b>2 Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik</b>			
Talet på nye kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka som inkluderte pasientar i 2023	Auka med minst 15 % samanlikna med 2022.	Nasjonalt målesystem for forskning i helseføretaka, NIFU	Årleg
Talet på utdanningsstillingar for ABIOK-sjukepleie og jordmødrer	Aukast samanlikna med 2022	HR-systema til dei regionale helseføretaka	Årleg
Talet på lærlingar i helsefagarbeidarfaget	Aukast samanlikna med 2022	HR-systema til dei regionale helseføretaka	Årleg
Talet på LIS i psykiatri	Aukast samanlikna med 2022	Helsedirektoratet	Årleg
Prosentdel av somatiske pasientopphald med pasientskade, målt med metoden GTT.	Redusert til 10 % i 2023.	Helsedirektoratet	Årleg
Forbruk av breispektra antibiotika i norske sjukehus, målt i DDD/100 liggjedøgn.  (Målt som desse fem breispektra midla: Karbapenem, 2. og 3. generasjons cefalosporin,	På same nivå som eller lågare enn i 2019	Sjukehusa sin legemiddelstatistikk/Helsedirektoratet	Tertialvis

penicillin med enzymhemmarar og kinolon).			
<b>3 Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp</b>			
Gjennomsnittleg ventetid	Skal ikkje aukast samanlikna med 2022. Målsetjinga på sikt er gjennomsnittleg ventetid lågare enn 50 dagar for somatikken, 40 dagar for psykisk helsevern vaksne, 35 dagar for psykisk helsevern barn og unge og 30 dagar for TSB.	Helsedirektoratet	Månadleg
Prosentdel av pasientkontaktar som har passert planlagt tid av totalt antal planlagde pasientkontaktar. Må målast med same uttrekksdato som året før.	Skal overhalde minst 95 % av avtalane.	Helsedirektoratet	Tertialvis
Prosentdel av polikliniske konsultasjonar som gjennomførast over video og telefon.	Minst 15 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Gjennomføring av organspesifikke pakkeforløp for kreft (samla for 24 krefttypar) innan maksimal tilrådd forløpstid <sup>1)</sup>	Minst 70 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Prosentde av pasientar i pasientforløp innan psykisk helsevern og rusbehandling som saman med behandlar har utarbeidd ein behandlingsplan	Minst 80 %	Helsedirektoratet	Tertialvis
Prosentdel av epikrisar sende innan 1 dag etter utskriving frå somatisk helseteneste, psykisk helsevern for vaksne og TSB.	Minst 70 %	Helsedirektoratet	Tertialvis

[11](#) Prosentdel av pakkeforløp som har ei forløpstid frå start av forløpet til start av kirurgisk, medikamentell- eller strålebehandling, som er innanfor standard forløpstid, for lunge-, bryst-, prostata- og tjukk- og endetarmskreft, kreft i matrøyr og magesekk, blærekreft, testikkelkreft, skjoldbruskkjertelkreft, kreft hos barn, hjernekreft, nevroendokrine svulstar, føflekk-kreft, peniskreft, bukspyttkjertelkreft, myelomatose, gallevegskreft, primær leverkreft, hovud- og halskreft, lymfom, nyrekreft, livmorkreft, eggstokk-kreft, livmorhalskreft og sarkom.

Vedlegg 2: Nye dokument som skal leggjast til grunn

Følgjande nye dokument skal leggjast til grunn for utvikling av tenesta:

### **Nasjonale dokument**

- NOU 2022: 5 Myndighetenes håndtering av koronapandemien – del 2
- Meld St. 40 (2020-2021) Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030, jf. mål 3 Sikre god helse og livskvalitet for alle, uansett alder
- Regjeringa sin strategi og beredskapsplan for handteringa av covid-19-pandemien (av 5. april 2022)
- Strategi for persontilpassa medisin
- Meld. St. 6 (2022-2023) Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap — Statens direkte eierskap i selskaper (eierskapsmeldingen)

### **Interregionale dokument**

- [Spesialisthelsetjenester til den samiske befolkningen - interregional rapport 2023-2027 \(helse-nord.no\)](https://helse-nord.no)
- [Rammeverk for legemiddelbehandling utenfor godkjent indikasjon i spesialisthelsetjenesten \(nyemetoder.no\)](https://nyemetoder.no)

### **Regionale dokument**

- [Regional plan for smittevern Helse Vest \(helse-vest.no\)](https://helse-vest.no)
- [Regional utviklingsplan Helse Vest 2023–2035 \(nestegenerasjonplan.no\)](https://nestegenerasjonplan.no)